

NORDDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir kalla inn til møte i kontrollutvalet

Onsdag, 27.11.2019 kl. 10.00 på Norddal rådhus

SAKLISTE:

- Sak 17/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 02. oktober 2019.
- Sak 18/19 - Revisjonsstrategi 2019 for Norddal kommune.
- Sak 19/19 - Orientering om skredsikringsprosjekt ved rådmann Karl Andre Birkhol.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post : <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Gudmund Relling
leiar
(sign.)

Sak 17/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 02. oktober 2019.
--

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 02. oktober 2019

Møtestad: Rådhuset i Norddal kommune kl. 10.00

Møtet vart leia av: Gudmund Relling

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Paul Fredriksen (vara)

Meldt forfall: Turid Aspehjell

= 3 voterande

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal. Frå kommunerevisjon 3 møtte oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes. Frå administrasjonen møtte rådmann Karl Andre Birkhol og prosjektleiar Hilde Dyrkorn. Ordførar Arne Sandnes var til stades på deler av møtet.

Sak 14/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 27. august 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 27. august 2019 blir godkjent.

Sak 15/19 - Revisjonsrapport 2018 Norddal kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. september 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Norddal kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Sak 16/19 - Orientering om Fjord kommune ved prosjektleiar Karl Andre Birkhol.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 25. september 2019

Saka var lagt fram utan tilråding til vedtak.

Rådmann Karl Andre Birkhol og prosjektleiar Hilde Dyrkorn gav ei grundig orientering om stoda i arbeidet med Fjord kommune og utvalsmedlemmane fekk høve til å stille spørsmål.

Leiar Gudmund Relling fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Møtet var slutt kl. 11.30

Gudmund Relling
leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
nestleiar
(sign.)

Paul Fredriksen
varamedlem
(sign)

Sak 18/19 - Revisjonsstrategi 2019 for Norddal kommune.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3 datert 20. november 2019.

Bakgrunn:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og -strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidligare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på. Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Kontrollutvalet bør vere kjent med dei ulike aktivitetane som revisor gjennomfører i samband med rekneskapsrevisjonen.

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet, kalla overordna revisjonsstrategi 2019. Rapporten legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eitt eller fleire høve ved rapporten, står kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Norddal kommune og påpeiker viktigheita av at dette blir teke med vidare.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI – NORDDAL KOMMUNE - 2019

INNLEIING

I Internasjonal revisjonsstandard ISA 300 – Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7, går det fram at:

«Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gir veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen».

KARAKTERISTISKE TREKK VED OPPDRAGET

Årsrekneskapen omfattar kommunen si verksemd. Kommunen deltek i interkommunale samarbeid/selskap. Desse utarbeider egne rekneskap som blir revidert særskilt.

Det er eit komplekst regelverk som gjeld for alle forvaltningsområda i kommune. Det meste av aktiviteten er regulert i lov- og forskrift, og eventuelle endringar i lovverk, statlege pålegg og liknande vil påverke kommunen. Rammevilkåra er etter vår vurdering ikkje sterkt endra frå 2018 til 2019.

Komrev3 IKS har revidert kommunen over lang tid, og har gjennom dette opparbeidd god kunnskap om oppdraget.

KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Komrev3 IKS skal legge vekt på å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året skal det vere ein kontinuerleg dialog med mellom anna økonomiavdelinga. Ved vesentlege forhold vil ein sikre ein god dialog med rådmannen. Det vert gjennomført eit møte med rådmann og økonomisjef i samband med planlegging av revisjonen.

Revisjonsmelding skal vere avlagt seinast 15.04.2020. Dersom noko blir avdekka jf. revisjonsforskrifta § 4, vil dette bli rapportert utan opphald i nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen innan fristen for revisjonsmeldinga.

Dersom det elles gjennom den ordinære revisjonen vert avdekka forhold som er av ein slik art at det skal sendast brev, vil dette bli gjort fortløpande.

Annan informasjon og rapportering til kontrollutvalet vil bli vurdert kontinuerleg.

REVISJONSTEAM

Revisjonsselskapet har sett til at revisjonsteamet si samansetning bidreg til å sikre at oppdraget blir gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Arbeidet blir utført av revisjonsteam som er sett saman av:

Oppdragsansvarleg revisor: Knut Gunnar Alnes
Teammedlemar: Randi Kalvatsvik og Kathrin Haram

Revisjonsteatet har tilstrekkeleg kompetanse til å revidere oppdraget. Ved behov vil både dagleg leiar og andre revisorar bli meir involvert i revisjonen av oppdraget. Ved behov for ytterlegare spesialkompetanse vil det bli vurdert særskilt.

VURDERING INNLEIANDE HANDLINGAR

Regnskapsåret 2019 er det siste året det blir avlagt rekneskap i Norddal kommune før samanslåinga til nye Fjord kommune. Det vil difor no framover vere noko høgare fokus på avstemmingar, registre og balansen i revisjonstilnærminga.

REVISJONSÅRET

Revisjonen blir delt i 3 fasar: Planlegging, interimsrevisjon og årsoppgjørsrevisjon.


	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April
Planlegging og oppstart av nytt år												
Interimsrevisjon - testing av rutinar												
Årsoppgjørsrevisjon												
Attestasjon momskompensasjon												
Attestasjonar												

OMRÅDE

Ut frå førebelse identifiserte risikoområde, samt rullering av fokusområde, blir det mellom anna sett meir på følgjande i rekneskapsrevisjonsåret 2019 (lista er ikkje uttømande)

- Det vil for 2019 i hovudsak bli fokusert på avstemmingar og gjennomgang av balansetala for samanslåing til Fjord kommune.

Ålesund, 20. november 2019


Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar


Knut G. Alnes
oppdragsansvarleg revisor

Sak 19/19 - Orientering om skredsikringsprosjekt ved rådmann Karl Andre Birkhol.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Norddal kommune har bede rådmann om ei orientering om saka som var omtalt i Sunnmørsposten 10. november 2019 (vedlagt) om skredsikringsprosjektet og høve til Solvang Camping.

Gjeldande reguleringsplan, høve til tiltakshavar (SVV) og høve til naboane (Solvang Camping) kan det være greitt å få ei orientering om.

Det settast fram fleire påstandar i artikkelen som rådmannen kanskje føler behov for å kommentere.

Saka vert med dette lagt fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i orienteringa sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS




▼ ANNONSE



Ålesund bil

Stoppa av støv og støy

- Ein dag i januar ramla det utan forvarsel inn gravemaskiner og bulldosarar på naboeigedomen. Det vart starten på fleire månader med bråk og støy - og kamp mot offentlege etatar.



Brevbunke: Thomas og Nina Wallin-Andersen ved Solvang World Heritage Camping i Eidsdal har hatt eit vanskeleg år med meir papir enn turistar. FOTO: TERJE ENGÅS

NYHETER

▼ ANNONSE



PUBLISERT:

10 NOVEMBER 2019 12:45

SIST OPPDATERT:

11 NOVEMBER 2019 22:43

**Terje Engås**

92628830

te@smp.no



Det fortel ekteparet Nina og Thomas Wallin-Andersen, som driv Solvang World Heritage Camping i Eidsdal.

Massane kom frå bygginga av tunnel mellom Indreeide og Korsmyra på fylkesveg 63, og skulle lagrast på naboeigedommen.

LES OGSÅ:

**Supersprek satsing på Solvang camping**

Paret legg til at dei er mentalt slitne av det dei har opplevd dette året. Ikkje slitne på grunn av mange turistar, for det har det ikkje vore i år på grunn av arbeida på massedeponiet ved sidan av.



Borte: Thomas og Nina Walin-Andersen. ved naboeigedommen der Statens vegvesen etablerte seg sist vinter. No er dei borte. FOTO: TERJE ENGÅS

Stor brev bunke

Men slitne på grunn av mange møter, telefonar og brev fram og tilbake - først og fremst med vegvesenet og kommunen. Brevbunken på bordet i stova veks for kvar gong Thomas har vore oppe på loftet for å hente nye skriv han vil vise oss.

- Først i slutten av juni vart aktiviteten på naboeigedomen avslutta. Det meiner vi skjedde fordi vi ikkje gav oss, men engasjerte advokat. Hadde arbeida halde fram over endå lengre tid, hadde vi gått konkurs. Nabovarsel fekk vi først etter at arbeida var over, fortel dei to.

mellom anna frå steinknusing, og det la seg stadig vekk ei støvsky over dei 14 hyttene på campingen - hytter som seinare måtte vaskast grundig både inn- og utvendig.

- Vi har vanlegvis ope heile året, men dette halvåret kunne vi rett og slett ikkje ta imot gjestar - sjølv om det var mange som hadde bestilt.

LES OGSÅ:

Tor bruker hammeren i Eidsdal

Fekk erstatning

Til slutt fekk paret også ei økonomisk erstatning frå Statens vegvesen, som skulle dekke tapte inntekter.

- Hadde vi ikkje fått det, hadde vi gått konkurs, hevdar dei.
- Kvifor vil de fortelje om dette no? De har jo fått erstatning?
- Fordi vi ikkje ønsker at nokon andre skal oppleve det vi måtte gå igjennom. Vi tok av fleire kilo og sov lite i perioder, seier dei.

Dei legg også til at den erstatninga dei fekk berre gjeld tapte inntekter, og ikkje alle andre utgifter dei har hatt i samband med denne saka.

- Statens vegvesen sa til oss at dei berre retta seg etter ein reguleringsplan frå 1992, der området var regulert til masseuttak, og viste til eit brev om dette frå Norddal kommune. Men planen gjekk ut i 2000. Det står i denne planen at "ved avslutting av massetaka skal arealet gå attende som landbruksareal, og setjast i stand som dyrka jord, med frist 1. januar 2000", les Thomas frå papirbunken sin.

- Og skulle denne planen frå 1992 ha vore gjeldande, så måtte ein likevel ha søkt om endring av reguleringsplanen, fordi det dei sette i verk i vinter ikkje var ein del av denne planen, legg han til.

Etterlyser nabovarsel

Ikkje minst mangelen på nabovarsel har vore noko som har oppteke paret på campingen. I eit av breva frå juridisk- og anskaffelsesseksjonen i Statens vegvesen heiter det at "ettersom tiltaket er i tråd med reguleringsplanen er det ikke et krav om nabovarsel".

Det avviser Thomas Wallin-Andersen.

ikke unntak for nabovarsling."

Ekteparet synest også det er merkeleg at Norddal kommune ikkje greip inn, men godtok at det vart etablert både riggstasjon, steinknusing, lager og massedeponi utan å krevje reguleringsplan.

- Andre må søkje om både det eine og det andre før ein kan setje i gang.

Kommentarar

Sunnmørsposten har bede om ein kommentar frå både Norddal kommune og Statens vegvesen.

På spørsmål om det ikkje burde ha vore sendt ut nabovarsel før, svarer rådmann Karl Andre Birkhol at Norddal kommune har bede Statens vegvesen om å sende søknad og nabovarsel for gjennomførte tiltak på eigedomen. Han legg til at eit slikt nabovarsel burde ha vore utsendt tidlegare.

Når det gjeld reguleringsplan, svarer rådmannen at kommunen fann ikkje at det var nødvendig med ei endring av reguleringsplanen.

Same oppfatning har Arne Ola Stavseng, prosjektleiar i Statens vegvesen:

- I utgangspunktet meinte vi at det ikkje var nødvendig med nabovarsel, fordi det var ein godkjend reguleringsplan. Men etter eit møte med kommunen vart vi einige om å sende ut eit slikt varsel likevel på grunn av oppfatninga av ordlyden i reguleringsplan.

LES OGSÅ:

Krev oppdrettsanlegg flytta på grunn av forureining og støy